

ORDENSELEVSTENESTE VED LINDÅS UNGDOMSSKULE-

- Det skal vere to ordenselevar i kvar klasse . Om perioden skal gå over ei eller to veker, avgjer klassen saman med kontaktlærer.
- I tillegg til vanlege ordenselevsplikter, skal dei ha ansvar for klasserommet i friminutta. Dersom noko skjer her, har dei ansvar for å melde frå om dette til lærar.
- Dei to ordenselevane kan dele pliktene mellom seg på dei ulike dagane. Dei må planleggje på førehand korleis dei fordeler arbeidet og skrive dette inn på eit skjema som heng i klasserommet.
- Kvar dag skal ordenselevane krysse av på skjemaet om dei har gjort pliktene sine.
- På slutten av perioden, skal det vere ei oppsummering saman med kontaktlærer. Skjemaet er utgangspunktet for samtalen. Elevane vil då verte vurdert, og innsatsen deira i perioden vil ha innverknad på ordenskarakteren.

ORDENSELEVSPLIKTER:

- Ein av ordenselevane skal vere til stades i klasserommet i kvart friminutt. Dersom det ikkje er elevar i klasserommet kan dei vere rett utanfor, men dei har framleis ansvar for rommet. Skjer det noko som er utanom reglane, skal dette noterast ned og meldast til klassestyrar.
- Klasserommet skal luftast i friminutta.
- Tavla skal vere rein til alle timar.
- Ordenselev har ansvar for at det er ryddig i felles hyller og skåp. Kvar elev har ansvar for si hylle.
- Ordenselev skal hjelpe lærar med å rydde vekk utstyr etter timen. Dersom undervisninga er på eitt av spesialromma, skal ordenselev vere att og hjelpe lærar med rydding av desse romma.
- Ordenselev skal hente mjølk klokka 11.10 og levere tomme mjølkekartongar attende til kantina.
- På slutten av siste time, skal ordenselevane rydde i klasserommet, lukke alle vindauger, vaske tavla og koste golvet. Klasserommet skal vere ryddig når vi er ferdig for dagen.